



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jørgen Aarø, 55 57 20 46
Rune Johan Mikkelsen, 55 57 21 81

Vår dato
14.03.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2013/3715 433.2
Dykkar referanse

Magnus Opedal
Opedal
5781 LOFTHUS

Løyve til utsetting av fjelledelgran til juletreproduksjon

Magnus Opedal får løyve til utsetting av fjelledegran til juletreproduksjon på gnr. 74 bnr. 26 i Ullensvang herad på bestemte vilkår.

Vi viser til søknaden vi mottok 11. mars 2013 om utsetting av fjelledelgran til juletreproduksjon på gnr. 74 bnr. 26 i Ullensvang herad. Søknaden er vurdert i samarbeid mellom Fylkesmannen sin miljøvern- og klimaavdeling og landbruksavdelinga.

Saka er handsama etter forskrift av 25. mai 2012 nr. 460 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksføremål, med heimel i naturmangfaldlova. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II ligg til grunn for sakshandsaminga.

Treslag og mengd

Det er søkt om å plante ut 1000 fjelledelgran i 2013 og 5000 ekstra i kommande tiårsperiode. Fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) er plassert i risikokategorien lav risiko¹ og er ikkje oppført på svartelista.

Utsettingsområdet

Det omsøkte utsettingsområdet er allereie eit etablert juletrefelt på om lag 9 dekar som er tydelig avgrensa ifølgje kart og flyfoto. Det er i Artskart² og Naturbase³ ikkje registrert raudlista artar, MiS-figurar⁴, viktige eller sårbare naturtypar, verneområde eller anna som krev særskilt omsyn i utsettingsområdet eller i nærleiken av dette.

Vurdering

Utsettingsområdet er eit etablert juletrefelt, og det er ikkje registrert særskilt sårbar eller trua natur med innverknad på sakshandsaminga. Fjelledelgran er ikkje eit svartelista treslag, og trea skal hoggast før dei set frø, noko som minimerer spreiingsfaren til kringliggande område. Vår vurdering er at saka er godt nok opplyst til å fatte eit vedtak jf. kravet til kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova §§ 8 og 9. Vi kan ikkje sjå at produksjon av juletre på det omsøkte arealet vil medføre uheldige følger for naturmangfaldet.

¹ Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. *Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012*. Artsdatabanken, Trondheim.

² <http://artskart.artsdatabanken.no> (besøkt 11.3.2013)

³ <http://innsyn.naturbase.no> (besøkt 11.3.2013)

⁴ MiS-figurar er registrerte naturelement i programmet Miljøregistreringar i Skog som er nytta i skogbruket.

Området som er avteikna i kartvedlegget er eit allereie etablert juletreffelt, og planting vil ikkje medføre ytterlegare belastning på naturmangfaldet utover det som er tilfellet i dag, jf. naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Etter naturmangfaldlova § 11 skal kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet berast av tiltakshavar. Dersom brot på vilkåra i løyvet fører til skade på stadeige naturmangfald må tiltakshavar bere kostnadane for å rette opp i dette.

Val av driftsmetodar og teknikkar skal etter § 12 ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gjev dei beste samfunnsmessige resultatata. Utover dei føringar som følgjer av anna lovverk, som til dømes for bruk av sprøytemiddel, har vi ikkje spesielle merknadar til dette i denne saka.

Vedtak

Magnus Opedal får løyve til å sette ut 1000 fjelledelgran i 2013 og 5000 fjelledelgran i perioden 2014-2022 på gnr. 74 bnr. 26 i Ullensvang herad på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for det omsøkte området i kartvedlegget.
- Trea må hoggast før dei set frø.
- Rutinar for å sikre hogst før frøsetting må verte etablerte, og dokumentasjon på dette må visast fram ved eventuelle tilsyn.
- Dette dokumentet må gjerast kjend og overført til ny grunneigar ved eventuelt eigarskifte.
- Dersom juletreproduksjon på eigedomen vert avvikla må trea hoggast.

Klageadgang

Vedtaket kan påklagast innan tre veker, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klaga skal stilast til Direktoratet for naturforvaltning, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland, jf. forvaltningslova § 32.

Med helsing

Stein Byrkjeland e.f.
seniorrådgjevar

Jørgen Aarø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til

Direktoratet for naturforvaltning (DN)	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	Kinsarvik

WWF og SABIMA har bede om å få kopi av vedtak om utsetting av utanlandske treslag og får difor kopi av brevet.